



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 11. juni 2024

Behandling av årleg melding 2023,
godkjenning av årsrekneskap og årsmelding
2023, samt nye krav for 2024

HELSE  VEST

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 11. juni 2024 kl. 10.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale i Teatergata 9 i Oslo og digitalt.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2023, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2023, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7
- Sak 5 Godkjenning av retningsliner for leiarløn og rapport om løn, jf. vedtektene § 16 a
- Sak 6 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44
- Sak 7 Val av revisor, jf. lov om helseforetak § 44
- Sak 8 Endring i driftskredittramma for 2024
- Sak 9 Oppfølging av Nasjonal helse- og samhandlingsplan
- Sak 10 Endringar i vedtektene § 12 Låneopptak

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre

Også til stades:

Statssekretær Karl Kristian Bekeng
Departementsråd Cathrine M. Lofthus
Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum
Konst. ekspedisjonssjef Maiken Engelstad

Avdelingsdirektør Kai Furberg
Avdelingsdirektør Astri Knapstad
Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Agnes Landstad
Nestleiar Oddvar Kaarbø
Wenche Kristin Røkenes
Linda Karin Gangstøe
Kristin Reitan Husebø

Pål Eikeseth
Tord Anton Haaland
Hege Solbakken
Geir Arne Sunde

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Også til stades

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Ingrid Risa og Nils Erik Børge.

Revisor for Helse Vest RHF, BDO AS, var varsla i samsvar med lov om helseforetak § 18 og møte ved revisor Ellen Marvik.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Agnes Landstad og helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Årleg melding 2023, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseforetaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I vedtektene § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga om pålegg og vedtak som er gitt i føretaksmøtet eller sett som vilkår knytt til løyvinga, er oppfylte. Vilkår knytt til løyvinga går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2023.

Føretaksmøtet viste til årleg melding frå Helse Vest RHF av 15. mars 2024.

I oppdragsdokumentet for 2023 er det sett som mål at gjennomsnittleg ventetid ikkje skal auke samanlikna med 2022 for somatikk, psykisk helsevern for barn og unge, psykisk helsevern for vaksne og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Målsettinga på sikt er at gjennomsnittleg ventetid skal vere lågare enn 50 dagar for somatikk, 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge og 30 dagar for TSB. Gjennomsnittleg ventetid i 2022 var 70 dagar i somatikken. I 2023 var gjennomsnittleg ventetid 71 dagar og målet er ikkje nådd. Gjennomsnittleg ventetid i 2022 var 47 dagar innan psykisk helsevern for vaksne. I 2023 var gjennomsnittleg ventetid 49 dagar og målet er ikkje nådd. Gjennomsnittleg ventetid i 2022 var 54 dagar innan psykisk helsevern for barn og unge. I 2023 var gjennomsnittleg ventetid 55 dagar og målet er ikkje nådd. Gjennomsnittleg ventetid i 2022 var 30 dagar i TSB. I 2023 var gjennomsnittleg ventetid 32 dagar og målet er ikkje nådd. Dei langsiktige ventetidsmåla er ikkje nådde.

Det vart innført pakkeforløp for kreft i 2015. Helse Vest nådde ikkje målet om 70 pst. gjennomføring innanfor maksimal forløpstid i 2023, og hadde ein nedgang i måloppnåinga frå 70,1 pst. i 2022 til 66,4 pst. i 2023.

Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF om å følgje opp resultatane slik at måla for 2024 vert nådd.

I oppdragsdokumentet for 2023 er det sett som mål at talet på kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderer pasientar, skal auke med minst 15 pst. frå 2022 til 2023, jf. måla i Nasjonal handlingsplan for kliniske studiar. Målet er ikkje innfridd for nokon av regionane i 2023. Føretaksmøtet viste til at det har vore ein auke i talet på nye pasientar som deltek i kliniske behandlingsstudiar på i alt 15,5 pst. i 2023. Auken har vore størst i Helse Nord RHF, som har meir enn dobla pasienttalet. Det har og vore ein auke i pasienttalet i Helse Vest RHF og Helse Sør-Øst RHF, medan Helse Midt-Norge RHF har hatt ein nedgang. Helse- og omsorgsdepartementet vil invitere til eit møte hausten 2024 om status for oppfølging av handlingsplanen og vil på bakgrunn av dette vurdere om planen skal vidareførast.

Målet om at ventetidene ikkje skulle auke frå 2022 til 2023 vart ikkje innfridd av nokon av regionane i 2023. Det langsiktige målet om gjennomsnittlege ventetider vart heller ikkje nådd. Årsakene til auken i ventetidene er samansette, men pandemien har hatt ei betydeleg påverking. Føretaksmøtet viste og til at høg kostnadsvekst og endringar i dei økonomiske rammevilkåra gjennom 2022 og 2023 har gjort styringa av sektoren utfordrande. Føretaksmøtet viste til avtalen om Ventetidsløftet i 2024 og forventar resultat av denne satsinga.

Føretaksmøtet merkte seg styret sin konklusjon om at styringskrav gitt i oppdragsdokumentet og føretaksmøtet for 2023 er ivaretekt og at sørge for-ansvaret som Helse Vest RHF er pålagt gjennom lovverket, samla sett er oppfylt for 2023. Føretaksmøtet viste og til at det er gjort eit omfattande arbeid i 2023. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har oppfylt sørge for-ansvaret.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tek årleg melding 2023 frå Helse Vest RHF til etterretning.

Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2023, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7

I samsvar med lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga frå styret for 2023 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet. Revisor frå BDO, Ellen Marvik, gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2023.

I føretaksmøtet 17. januar 2023 vart det fastsett følgjande resultatkrav for Helse Vest RHF for 2023: *"Føretaksmøtet la til grunn at dei regionale helseføretaka innrettar verksemda innanfor økonomiske rammer og krav som følgjer av Prop. 1 S (2022–2023) og tilleggsnummer til Prop. 1 S, føretaksmøtet og oppdragsdokumentet for 2023, slik at sørge for-ansvaret vert oppfylt og at det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid."*

Det vart vist til at dei auka løyvingane gjennom Prop. 19 S (2022–2023) *Endringar i statsbudsjettet 2022 under Helse- og omsorgsdepartementet* bidrog til å betre dei økonomiske resultatane for helseføretaka i 2022 og la til rette for å vidareføre nødvendige investeringsplanar og følgje opp prioriterte område, som psykisk helsevern. Det vart vidare vist til at den ekstraordinære prisveksten gjennom 2022 ville påverke sjukehusøkonomien også i 2023.

Føretaksmøtet streka derfor under at god økonomisk styring og kontroll på alle nivå i helseføretaksgruppene ville vere spesielt viktig i perioden framover.

Ved Stortinget si behandling av Prop. 118 S (2022–2023) vart det gitt tilleggsøyvingar på om lag 4,7 mrd. kroner til dei regionale helseføretaka. Tilleggsøyvingane var knytt til ekstraordinær lønns- og prisjustering av statsbudsjettet for 2023 og vidareføring av 2,5 mrd. kroner frå nysalderinga 2023. Dette skulle sette sjukehusa betre i stand til å følgje opp styringsdokumenta for 2023, der prioriterte tiltak var psykisk helsevern og rask tilgang til helsetenester. Det vart og vist til at det var viktig at helseføretaka kunne gjennomføre nødvendige investeringar innan kompetanse, bygg, IKT og medisinsk utstyr.

Det vart innført ei midlertidig ekstra arbeidsgjevaravgift på 5 pst. for lønsinntekter over 750 000 kroner frå og med inntektsåret 2023. Ved Stortinget si behandling av Prop. 118 S (2022–2023) vart løyvinga til dei regionale helseføretaka auka med 653,4 mill. kroner til dekning av den auka utgifta.

Rekneskapsført årsresultat for 2023 for føretaksgruppa Helse Vest RHF viser eit positivt resultat på 317 mill. kroner, noko som var svakare enn budsjettet. I resultatet inngår nedskrivning av eigedom med 26 mill. kroner og ein netto gevinst ved sal av anleggsmiddel på 52 mill. kroner. Helse Vest har investert i driftsmiddel for 5 507 mill. kroner i 2023. Den samla ressursbruken til drift og investeringar er gjennomført innanfor vedtekne rammer og resultatkrav for 2023. Føretaksmøtet viste til at resultatkravet som vart stilt for 2023 er oppfylt.

Føretaksmøtet viste til at alle dei regionale helseføretaka må arbeide vidare med å få ned ventetidene og gjere forbetringar i drifta. Løyvinga til sektoren dekkjer både drift og investeringar og positive økonomiske resultat vil vere nødvendig framover for å sikre nødvendige middel til investeringar i medisinsk-teknisk utstyr, IKT og fornying av bygg.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner styret sin framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Sak 5 Godkjenning av retningslinjer for leiarløn og rapport om løn, jf. vedtektene § 16 a

I tråd med vedtektene skal dei regionale helseføretaka følgje allmennaksjelova § 6-16a *Retningslinjer om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper* og § 6-16b *Rapport om lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper*, samt *Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer*. Retningslinjer i samsvar med allmennaksjelova § 6-16a og forskrifta skulle leggjast fram for godkjenning for ordinært føretaksmøte frå og med 2022. Rapport om løn og anna godtgjering i Helse Vest RHF for 2023 er lagt fram for føretaksmøtet.

Føretaksmøtet vedtok:

Rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar for 2023 vert godkjent.

Sak 6 Godkjenning av godtgjering av revisor, jf. lov om helseforetak § 44

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2023. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 2 797 000 ekskl. mva., utgjer honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 353 000 ekskl. mva. Dette inneber ein kostnadsauke på kr 26 000 ekskl. mva. frå 2022 for føretaksgruppa samla sett, som skuldast mindre endringar.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner ei godtgjering på kr 2 797 000 ekskl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2023, medrekna godtgjering på kr 353 000 ekskl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.

Sak 7 Val av revisor, jf. lov om helseforetak § 44

Etter gjennomført prosedyre for innkjøp valde føretaksmøtet BDO AS til revisor for Helse Vest RHF og dei helseføretaka Helse Vest RHF eig frå og med rekneskapsåret 2024.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet vel BDO AS som revisor for Helse Vest RHF og dei helseføretaka Helse Vest RHF eig frå og med rekneskapsåret 2024.

Sak 8 Endring i driftskredittramma for 2024

Føretaksmøtet viste til Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024*. Her er det foreslått å redusere driftskredittramma til dei regionale helseføretaka med 805 mill. kroner. Pensjonspremiene i 2024 er berekna å bli 5 800 mill. kroner høgare enn tidlegare forutsett. Pensjonskostnadene for 2024 er berekna å bli 900 mill. kroner høgare enn tidlegare forutsett og basisløyvinga er auka tilsvarande. Dette gir auka behov for likviditet på 4 900 mill. kroner, som er dekt ved å auke helseføretaka sin bruk av premiefond med 5 mrd. kroner til betaling av pensjonspremiar i 2024. Dette kjem i tillegg til allereie vedtatt bruk av 2 mrd. kroner frå premiefond i Saldert budsjett 2024.

Det svarast ikkje arbeidsgjevaravgift av premie dekt gjennom premiefond, noko som reduserer likviditetsbehovet med 705 mill. kroner. I sum gir den handteringa som er foreslått og dei oppdaterte pensjonsanslaga eit redusert likviditetsbehov på 805 mill. kroner. Med atterhald om samtykke frå Stortinget vert dette handtert ved at løyvinga til driftskredittramma vert sett ned frå 6 118 mill. kroner til 5 313 mill. kroner i 2024. Dette gir ei samla driftskredittramma for dei regionale helseføretaka på 28 743 mill. kroner ved utgangen av 2024. Justeringa av driftskredittramma vil bli gjort per 1. juli 2024.

Føretaksmøtet presiserte at pensjonspremien som er lagt til grunn i Prop. 104 S (2023–2024) er basert på eit overordna og foreløpig anslag for føretaka sine samla pensjonspremiar i 2024, og at dei endringane som er foreslått i driftskredittramma og premiefondsbruk er fordelte etter ordinær fordelingsnøkkel.

Føretaksmøtet presiserte at endeleg pensjonspremie for 2024 først vil vere kjent etter at lønnsoppgjera i sektoren er ferdige. Regjeringa har i statsråd 12. april 2024 sanksjonert endringslover til lov om avtalefesta pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse og lov om Statens pensjonskasse. Endringane handlar om ny avtalefesta pensjon (AFP) i offentleg sektor for tilsette som er født i 1963 eller seinare. Lovforslaget inneber at AFP for tilsette i offentleg sektor vert endra frå å vere ei tidlegpensjonsordning til å vere ei ordning med livsvarig påslag til folketrygda. Endringa er forventa innarbeidd i tariffavtaler for alle tilsette i helseføretak i løpet av juni. Endringa vil innebere ei planending i rekneskapen med verknad frå avtaletidspunkt for tariffestinga. Planendinga vil medføre auka forplikting som vil gi auka rekneskapsmessige pensjonskostnader i 2024. Regjeringa vil komme tilbake til saka i nysalderinga for 2024.

Helse Vest RHF sin del av auka bruk av premiefond utgjer 959 mill. kroner. Helse Vest RHF sin del av redusert driftskreditt utgjer 154 mill. kroner.

Føretaksmøtet vedtok:

Helse Vest RHF sin bruk av premiefond vert sett opp med 959 mill. kroner. Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert sett ned med 154 mill. kroner, frå 5 786 mill. kroner til 5 632 mill. kroner ved utgangen av 2024.

Sak 9 Oppfølging av Nasjonal helse- og samhandlingsplan

Føretaksmøtet viste til Stortinget si behandling av Meld. St. 9 (2023–2024) *Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027*, der mellom anna følgjande saker som gjeld helseføretaka fekk tilslutning:

Opplæring av styremedlemmer

Kompetente styre med god innsikt i roller og ansvar er eit viktig verkemiddel for regjeringa. Styremedlemmene skal få nødvendig opplæring for å forstå styra si rolle overfor omgjevnadene, og slik at dei kan utøve styrearbeidet på ein god måte. Helse- og omsorgsdepartementet sin rettleiar om styrearbeid i regionale helseføretak er eit bidrag til styra si rolleforståing og rolleutøving. Føretaksmøtet ber om at dei regionale helseføretaka samarbeider om å utarbeide eit felles program for opplæring av styremedlemmer i regionale helseføretak og helseføretak. Hensikten er å klargjere ansvar og rolleforståing for styra.

- Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka samarbeide om å utarbeide eit felles program for opplæring av styremedlemmer i regionale helseføretak og helseføretak innan utgangen av 2025.

Innleige

Føretaksmøtet viste til tidlegare stilte krav om at det må arbeidast med tiltak som kan redusere innleige som del av bemanninga. Dei regionale helseføretaka er tidlegare bedne om å foreta ein kritisk gjennomgang av behov for innleige i føretaksgruppa med sikte på reduksjon i omfanget. Det vart bedt om at dette arbeidet vert vidareført og forsterka. Det vert i denne samanhengen vist til Stortinget si behandling av Nasjonal helse- og samhandlingsplan, der det går fram at Stortinget ber regjeringa sørge for årleg rapportering på utviklinga i bruken av innleige i helseføretaka med mål om ytterlegare reduksjon. Vidare bad Stortinget om at det vert sett mål om ein vesentleg reduksjon innan to år.

-
- Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka gi ei særskild årleg rapportering på utviklinga i bruken av innleige i helseføretaka i regionen, med målsetting om ein vesentleg reduksjon innan to år.

Erfaringsutveksling mellom leiarar i mindre sjukehus

Regjeringa vil sikre at det framleis er eit desentralisert spesialisthelsetenestetilbod av god kvalitet. Mindre sjukehus kan ha særskilte utfordringar og behov, mellom anna knytt til rekruttering, utdanning og spesialisering, oppgåvedeling og innhald i tenestetilbod, organisering og leing og samhandling. Leiarar i desse sjukehusa kan ha nytte av å utveksle erfaringar. Føretaksmøtet vil derfor be dei regionale helseføretaka om å legge til rette for slik erfaringsutveksling for leiarar i mindre sjukehus. Med mindre sjukehus er det meint akuttstjukehus og sjukehus utan akuttfunksjonar slik det er definert i Meld. St. 11 (2015–2016) Nasjonal helse- og sykehusplan (2016–2019).

- Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å legge til rette for at leiarar i mindre sjukehus kan utveksle erfaringar på tvers av helseføretak og regionar.

Lånesøknader basert på ei vurdering av heilskapleg investeringsbehov

Innanfor rammene av utviklingsplanane utarbeider dei regionale helseføretaka økonomiske langtidsplanar for dei neste fire åra. I langtidsplanane vert det gjort ei heilskapleg regional prioritering knytt til større investeringar basert på ei samla framstilling av investeringsbehov og bereevne for investeringar. Av Nasjonal helse- og samhandlingsplan går det fram at regjeringa vil sikre at regionale vedtak om å søke om lån til større investeringar i det enkelte helseføretak skjer på bakgrunn av ei heilskapleg regional prioritering, og vil stille krav om at dei regionale helseføretaka legg ved sist vedtekne økonomiske langtidsplan som grunnlag for søknader om lån til enkeltprosjekt. Dette skal sikre at samla investeringsbehov og bereevne er vurdert i lånesøknaden.

- Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å legge ved sist vedtekne økonomiske langtidsplan som grunnlag for søknad om lån til enkeltprosjekt.

Innhald og utforming av dei økonomiske langtidsplanane

I Meld. St. 9 (2023-2024) Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027 – Vår felles helsetjeneste går det fram at regjeringa vil vurdere om det skal setjast spesifikke krav til innhald og utforming av dei økonomiske langtidsplanane. Dette kan for eksempel gjelde utvikling i tilstandsgrad på bygg og levetid på medisinsk-teknisk utstyr ved det enkelte helseføretak, for å synleggjere samla investerings- og oppgraderingsbehov. Andre døme kan vere utvikling i sentrale økonomiske storleikar som rentekostnader og avskrivningar. Helse- og omsorgsdepartementet vil ha dialog med dei regionale helseføretaka om bruk av felles mal i arbeidet med dei økonomiske langtidsplanane og korleis dette kan gjennomførast innanfor dagens ansvarsforhold.

- Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka, under leiing av Helse Sør-Øst RHF, utarbeide ein felles mal for innhald og utforming av økonomiske langtidsplanar som kan leggjast til grunn for oppdaterte langtidsplanar i juni 2025. Ein ber om at saka blir oversendt departementet innan 20. desember 2024.

Endringar i økonomiske rammevilkår

Det vert vist til at det i Nasjonal helse- og samhandlingsplan er foreslått å endre finansieringsordningane mot meir rammefinansiering av spesialisthelsetenesta og betre rammevilkår for investeringar i sjukehus. Regjeringa vil sikre føreseielege økonomiske rammevilkår gjennom løyvingar som tek omsyn til at vi blir fleire og eldre, i tillegg til kompensasjon for løns- og prisvekst. I berekninga av demografikostnader vil det bli lagt til grunn at marginalkostnaden utgjør 100 pst. av gjennomsnittskostnaden. Delen innsatsstyrt finansiering vert redusert til 30 pst. Låneandelen vert auka til 90 pst. av styringsramma p50 og rentemodellen vi hadde fram til 2018 vert gjeldande for alle lån. Regjeringa vil kome tilbake til desse sakene i statsbudsjettet for 2025.

Føretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretaka vert bedne om å følgje opp føringar i Nasjonal helse- og samhandlingsplan når det gjeld opplæring av styremedlemmer, innleige, erfaringsutveksling mellom leiarar i mindre sjukehus, grunnlag for søknad om lån til enkeltprosjekt og felles mal for økonomiske langtidsplanar.

Sak 10 Endringar i vedtektene § 12 Låneopptak

Etter helseføretaksloven § 12 og vedtektene § 19 skal føretaksmøtet vedta endringar i vedtektene.

§12 Låneopptak vert endra slik at ramma for å inngå finansielle leigeavtaler vert auka frå 100 mill. kroner til 150 mill. kroner. Bakgrunnen er at beløpet ikkje har vore justert sidan helseføretaka fekk moglegheit til å inngå finansielle leigeavtaler i januar 2015. Leigeavtaler utover dette beløpet må leggjast fram for føretaksmøtet.

Ny §12 Låneopptak blir da:

«Helse Vest RHF kan kun ta opp lån gjennom statlige lånebevilgninger. Helse Vest RHF gis anledning til å inngå finansielle leieavtaler med en kontraktsverdi på inntil 150 mill. kroner pr. avtale. Finansielle leieavtaler utover dette beløpet må forelegges føretaksmøtet.

Alle OPS-avtaler må forelegges føretaksmøtet og innpasseres statens rammeverk for OPS-prosjekter.

Helse Vest RHF's låneopptak til investeringsformål foretas innanfor de prosedyrene og reglene som er gitt i "Instruks for lån knyttet til investeringer for de regionale helseføretakene" av 26. februar 2003 med senere endringer.»

Føretaksmøtet vedtok:

Vedtektene §12 Låneopptak for Helse Vest RHF vert endra jf. framlagte forslag.

Møtet vart heva kl. 10.45.

Oslo, 11. juni 2024

Jan Christian Vestre

Agnes Landstad

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar